

## Merknad til Områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum.

### Generelt:

- Ostereidet senter ligg på eit høgdedrag som lokalt heiter Leitet.
- Eksisterande bebyggelse i noverande Ostereidet senter har bygg med max 2 etasjer og saltak.
- Plan for ny bebyggelse i form av næringsbygg og bustader viser forslag om blokker med 4 etasjer på Leitet.
- Medan ABO/utbyggjar på den eine sida legg vekt på å leggje boliger fint tilpassa inn i skråninga/terrenget mot sør og sør-vest, i terrasseform så viser planen at på høgdedraget på Leitet 4 etasjer over parkeringsrom! Her er det ikkje teke omsyn til å tilpasse nybebyggelsen til terrenget eller eksisterande bebyggelse i aust.
- Blokkbebyggelse på dette høgdedraget vert høgt og ruvande og vil framstå som ein vegg av blokker mot eksisterande bebyggelse i aust.
- På Leitet reagerer vi sterkt på at det ikkje er teke omsyn til at Ostereidet senter ligg på eit høgdedrag og at framlagt plan ikkje tek omsyn til terreng og eksisterande bebyggelse/miljø. Framlagd plan vil føre til ein verdiforringelse av eksisterande bebyggelse både på det økonomiske plan og trivsel/miljømessig. Ein formidabel trafikkauke vil også bidra i negativ retning.
- Då denne eksisterande bebyggelsen var ført opp tok utbyggjarane hensyn til at husa skulle ruve minst mogeleg i landskapet og gli mest mogeleg inn i terrenget ved å tilpasse hus og form på nybygg.

### Merknad:

- **Vi krev om at høgden på blokkene vert redusert til 3 etasjer over bakkenivå.**
- **Vi krev at det vert lagt inn støyskjerm langs eigedommen til Hjalmar og Inger Brekke, slik som ved Øystein Vik.**

### Merknad/framlegg:

**Vi foreslår at Lindås kommune ser på muligheten for å heller bygge ny veg til skular, Kyrkje og idrettsanlegg med avkjørsel t. h. frå E39, før tunnellingnslag (Bjørsviktunnellen).**

**Dette vil vere framtidsretta og løyse ut areal i området rundt skule, kyrkje, mm.**

**Ein ny veg her vil avlaste trafikk på eksisterande veg (frå Ostereidet senter til Skulen) til og spare jordbruksareal og eigedommar langs denne trasèen som no ein planlegg å utvide og oppgradere.**

Mvh

Inger og Hjalmar Brekke, Eidavegen536, 5993 Ostereidet